

Finna koden

Han har levd isolert. Mange bygdefolk veit knapt kven han er. Han bur på loftet, vindauga er måla over, ingen ser lys i huset.

Likevel har eg sett han tidleg om morgonen når han går til Handelslaget for å handla, han går anten med hjulbåre på veggen eller i fjæra med ryggsekk.

Ein gong fekk eg den glede å køyra han frå Hanasand til Vikevåg. Han svara liketil på mitt tilbod og gjekk inn i bilen. Samtalen gjekk utan vanskar, han ville sjå denne holmen også nå når det nye fergesambandet gjorde reisa så lageleg.

Så er han gamal blitt, han har vore sjuk. På rommet bur han slik som ingen ville tru at nokon kunne bu, men det er hans eigen heim. Ein besøkjande har funne at han ligg under ei presenning og ikkje tek til seg næring. Nå er han komen på sjukeheimen. På rommet ligg han, mager og skrappt. Han vil ikkje eta, drikk berre lite grann. Tilsynslegen mistenker at han er sjuk, men han får ikkje lov til å undersøkje pasienten. Høflig avvising. Det er ikkje nødvendig, legen forstår så lite av dette likevel. Ein blodprøve eg har tvinga til meg røper at noko er gale fatt, men lenger kjem eg ikkje.

Det går eit par veker. Ein sjukepleiar fortel at han har sagt at han kunne trengja ein konjakk! Der har eg det! Der er opninga.

Same dagen er eg i kjellaren heime, finn flaska med Larsen Cognac frå besøket i Frankrike for åtte år sidan: VSOP Cognac på flaske med vikingskip. Eg finn ein liten tinnumlar også. Så det er med spenning og og forventning eg entrar Finnøy sjukeheim. Utstyret er uvanleg for ein lege: Cognac og brennevinstumlar!



*Historier fra
virkeligheten*

Eg sit ved senga og snakkar med mannen. Han er nå svært mager, hendene minner om edderkoppar med lange smale fingrar til bein. Skjegget er urørt siste dagane. Den blanke dagen sender lysstrimer gjennom vindauga og inn på kvite senga, denne hole magen og det skarpe og innsokne andletet.

Eg trekkjer pusten og seier: «Trur du at du kunne trengja ein konjakk?» så held eg pusten, har eg skote blink? «Jau, eg kunne trengja ein konjakk» Eg lettast mest! Fram med den vakre vesle boksen, inni den, Cognacflaska uopna. Så fram med tumlaren. Eg slår oppi, det er stille i rommet.

Så leverer eg tumlaren, han tek i mot med alle fingrar, hendene samla som i ein kopp. På tuppen av alle ti fingrar begeret. Han pustar inn, let att augo og fører til leppene.

I eit langt drag, med jamn bakoverrulling skyller han den gyldne drikk inn over tynne lepper. Augo stadig attlatne, pusten halden, og med andletet i lukksalig innelukka nying skyller han væska att og fram i munnen. Att og fram, skal han ikkje svelgja snart?

Så opnar han den tannlause munnen på vidt gap, ekshalerer med ein lyd av komplett overgjeving til augneblinken og brannen, finn så pusten og seier med ettertrykk: «*Den var god!*»

Det heilage kar vert varsamt levert attende til meg. Eg er aldeles overvelda av det sakrale, det monumentale og avgjerande augneblink. Stemninga i det kvite sjuke rommet endra seg frå kvardag til helg, frå det alminnelege til det sakrale. Det avgjerande augneblinket er over, frå nå av ser me med forventning mot komande dagar.

Han starta å eta att, spurde ikkje meir etter dram. Eg hadde lete flaska stå att på vaktrommet, den var *berre* til Sigurd dersom han trong. Han trong ikkje meir.

Etter kvart kom han på føtene, han flytte attende til sitt eige bu, han hadde fått den ro og kvile han meinte han sakna og konjakk nett då det trongst.

Aslak Bråtveit